

Wilhelm Gerdener:

NYNORSK PURISME: DET HISTORISKE GRUNNLAGET FOR ORDTILFANGSNORMERINGA

Mange ser på nynorsk som eit strengt puristisk språk, eit forbodsspråk – framfor alt slike som ikkje sjølv bruker nynorsk og som har denne holdninga att frå sidemålsundervisninga i skolen. Og fornorskingsordlistene og –ordbökene viser at normeringa av ordtilfanget har vore viktigare for nynorsk enn for dei fleste andre språk.

Men sjølv om purismen har vore eit framståande kjenneteikn for målet heilt frå Ivar Aasens tid, har han ikkje spelt noka særleg stor rolle i den interne debatten i målrørsla. Han har nok vore brukt ein del som argument frå motstandarar som påstår at dei ikkje skjønar dei «rare» nynorskorda. For dei fleste nynorskbrukarar har purismen blitt ein sjølvsagd del av språkbruken, og for nokre av dei er han grunnlaget for medveten måldyrking.

Ordtilfangsutviklinga i nynorsk er prega av den purismen som Ivar Aasen la grunnen til, og enda om debatten vart ført nokså hardt på andre felt, var det lite strid om den puristiske grunnlinia. Som Olaus Fjørtoft skreiv i første nummeret av *Fram* (nr. 1, 1.7.1871):

For eit e me einige om, og dæ e aa skrive norskt, og bruke berre norske Ord og Ordskøp og Stil, so gott me kann, og inkje Dansk. Om dæ e me einige, men helde inkje om meir, men dæ e dæ mest.

Fjørtofts ord syner klart kva den nynorske purismen alltid har retta seg mest mot, nemleg dansk eller bokmål. Når ein samanliknar dette med den definisjonen *Nynorskordboka* gjev for stikkordet *purisme* («det å arbeide for eit mål med minst mogleg av lån frå framande språk og mest mogleg av heimlege målmerke»), må ein eigenleg setje «dansk» – eller

kanskje «lågtysk» – i staden for «framande språk». Sett i internasjonal samanheng er den nynorske purismen dermed nokså typisk. For det meste rettar purisme seg mot eitt språk som av ideologiske grunnar blir rekna som særleg trugande, t.d. er purismen i Hellas retta mot tyrkiske og italienske ord, katalansk purisme er retta mot det dominerande statsspråket kastiljansk, og den moderne franske purismen er retta mot angloamerikansk, som på mange felt har fortrengt fransk som verdsspråk.

Det finst ulike grader av purisme, og det klassiske dømet på konsekvent purisme er som kjent islandsk, der dei går lengst i den leia. Dei skaper nye ord på islandsk målgrunn for å nemne nye ting eller ovringer, også i dei tilfella der dei fleste andre vesteuropeiske språka tyr til såkalla internasjonale ord med bakgrunn i latin, gresk eller no meir og meir engelsk.

Purisme inneber alltid ei medveten måldyrking og ei endring av meir eller mindre faste språkvanar. Grunngjevingane må derfor både vere overtydande på eit rasjonelt plan og appellere til folks emosjonar. Det er den positive eller negative holdninga hos språkbrukarane som avgjer i kvart einskilt tilfelle om eit ord blir akseptert eller ikkje. Ei slik positiv holdning er t.d. mykje utbreidd på Island og Færøyane. Frå Færøyane fortel J. H. W. Poulsen at det nye ordet *telda* 'datamaskin' fortrengde framande ord som *computari* på mindre enn halvtanna år etter at det først vart lansert. Eigenleg må kvart ord vurderast for seg, men premissane for ei positiv holdning kan også vere generelt gunstigare på eit visst tidspunkt enn på eit anna. Dei tyske avløysarorda *Bahnsteig*, *Fahrkarte* og *Schaffner* vart t.d. tidleg på 1900-talet akseptert for lånorda *Perron*, *Billett* og *Kondukteur*, som i dag verkar gammaldagse i Tyskland, men som framleis er i bruk i Sveits. På den andre sida heiter 'telefon' *Telefon* i Tyskland i dag sjølv om postverket offisielt har brukt *Fernsprecher* sidan 1875. På eitt punkt gav dei etter for berre nokre få år sidan, og no heiter telefonkatalogen også offisielt *Telefonbuch*, eit ord som alltid har vore brukt i daglegtalen for det offisielle *Fernsprechverzeichnis*. Til og med i islandsk finst det døme på at daglegtalen held fast på framande ord som *traktor* og *pólití*, som i skriftspråket heiter *dráttarvél* og *lögregla* (Sandøy 1977:95).

Det er altså vanskeleg å komme med generelle utsegner om dei puristiske tendensane i eit språk, men grunngjevingane fører for det meste fram idear om at eit reint språk skal vere betre av ulike grunnar. Språklege grunnar speler inn når t.d. framord høver därleg inn i

islandsk både fonetisk og strukturelt. Som oftast er det sjølvhevding for eit lite eller nyt skriftspråk som ligg til grunn for ei puristisk avgrensing mot ulike typer av framand påverknad. Når det framande skriftspråket ein vil hevde seg mot er eit nærskyldt språk, kan det vere viktig å skape fråstand mellom språka, og når det nye skriftspråket har røter tilbake til eit historisk skriftspråk, som nynorsk og katalansk har, kan purismen stå for den nasjonale kontinuiteten og sambandet med fortida.

Grunnlaget for den nynorske purismen heng saman med grunnlaget for sjølve nynorsken, og opphavet ligg i dei ideane Ivar Aasen la fram. Frå først av var nynorsk eit mål som måtte hevde seg mot ein mektig konkurrent, og purismen var ei viktig hjelpearåd for å etablere det nye skriftspråket.

Ideologiane bak dei puristiske tendensane er identiske med ideologiane bak måreisinga generelt. Ein har altså med dei to hovudretningane «nasjonal» og «sosial» å gjere, og både nasjonale og sosiale holdningar gjorde seg alt gjeldande i Ivar Aasens idear om det nye norske skriftspråket, slik at seinare generasjonar av målmenn og granskarar har hatt høve til ulike interpretasjonar (sm. Hanto 1986:17ff). For å finne ut kva som vog mest i ordtilfangsnormeringa er det viktig å granske Aasens utsegner om tilhøvet mellom framande og norske ord litt nøyare. Etter Aasen var det lite diskusjon om spørsmålet prinsipielt og sitatet frå Fjørtoft viser at jamvel dei som ville gå ein heilt annan veg i rettskriving og språkform var samde om grunntrekk i Aasens puristiske line.

Kva for kriterium legg altså Aasen til grunn for å normere det nye skriftspråket? Når det gjeld å velje ei lydform eller ei grammatiske form, prøver Aasen å nå fram til fellesformer som alle nordmenn med språkleg bakgrunn i eit bygdemål kan akseptere som mønsterform. Gammalnorsk speler ei stor rolle for han som rettesnor. Sambandet mellom nynorsk og gammalnorsk står for nasjonal kontinuitet, og dersom utviklinga hadde gått for seg i Noreg som i andre land ville eit norsk standardspråk ha utvikla seg med opphav i gammalnorsk:

Hadde no det gamle Bokmaalet voret betre kjent imillom Landsens Folk, so vilde Folket deri hava funnet ei Mynsterform, som alle Bygdarmaali kunde stydja seg til. (Aasen 1926:II, 177)

Det han finn att i målføra av gammalnorske trekk er derfor positivt for han, avvik ser han på som «Forvanskninger». Dette vil *ikkje* seie at han set seg imot alle nyare utviklingar og avvik frå middelalderforma generelt. Femininformene utan *-n* t.d. er ein så viktig del av det nynorske språksystemet – «en tydelig og gjennemgaaende Plan til at adskille Hunkjønsordenes Former fra Hankjønsordenes» (Aasen 1964:136) – at det er berre dei som kan vere mønsterformer. Men det er ikkje nok for slike «nyare» former at dei er utbreidde i bygdemåla, dei må også få seg ein ekstra lingvistisk legitimasjon i grammatikken:

At gjenoptage det sluttende 'N' (f.Ex. Skaalin, el. Skaalen), som ved første Øiekast maa synes at være det retteste, har saaledes meget imod sig, fordi det netop strider imod en saadan almindelig Plan. (S. 136)

I grammatikken finn ein fleire døme på at Aasen vel former som ligg nær opp til gammalnorsk, jamvel om han unngår former som er altfor sjeldsynte i bygdemåla. Sålcis set han opp bøyingsmønster for talorda 2 til 4 først i den «fuldstændigste Form», med ulike former for alle tre kjønn, og så dei «bekvemmere» formene «efter en mere almindelig Brug», der han ikkje tek med t.d. hokjønnsformene *tvæ* og *trjaa* eller inkjekjønnsforma *fjøgor*, men heller ikkje den vanlegaste forma *fire*, som er «en efterligning af den tydske Form» (Aasen 1965:176f).

Han går så vidt mogleg ein mellomveg mellom eit altfor moderne eller «framandt» språk og eit oppkonstruert gammaldags språk som har for lite grunnlag i talemålet.

Walton (1987:141ff) viser at det er det han kallar «Aasen's populism» som er den viktigaste drivkrafta bak Aasens normeringsprinsipp. Han fører opp døme på kvifor Aasen vel ei bestemt form (*kastade*, *kui*, *kasta* i inf.), og forklarer normalformene med Aasens trøng for systematisering: Aasen vel ut dei formene som etter hans syn er dei mest praktikable for å fungere i eit skriftspråk. Desse formene er dei som ligg nærest opp til gammalnorsk, men Walton påstår at det ikkje er romantiske idear om eit fullkomme språk som driv Aasen. Systematiseringa hans tener berre til å finne ei høveleg form for folkemåla:

The point is that systematisation for Ivar Aasen is not an end, but a means, his aim is to realise the populist project spelt out in 1836 and 1841. (Walton 1987:172)

Men ein finn også døme på at det «fuldkomne og ægte», som alltid har med det opphavlege og gammelnorske å gjere, veg meir enn omsynet til ei mogleg systematisering. Såleis vrakar han den austnorske dialekt-forma *dår* 'dykker', som elles kunne ha komme trøngen hans til systematisering i møte:

[...] 'dykker' [...] i Østerdalene og Smaalenene sammendraget til: daar, daart Fl. daare, som altsaa passer fuldkommen til vaar, vaart, vaare, og vilde være et meget bekvemt ord, hvis det ikke var saa svigende fra den oprindelige Form. (Aasen 1965:173)

Det kan sjølvsagt også spele ei rolle at denne forma er for lite utbreidd i målføra, men i argumentasjonen bruker Aasen berre samanhengen med dei gammelnorske formene.

I *Minningar fraa Maalstriden 1858* er ei av Aasens grunnsetningar for målreisinga:

at den rette Medferd med dette heimelege Maalet er, at det maa verda uppteket til skriftleg Hevding i si fullkomnaste Form, at det maa verda reinskat fyre dei verste framande Tilsetningar, aukat og rikat (beriget) ved Ayleiding av si eigi Rot og etter sine eigne Reglar, og soleides uppreist og adlat ved eit verdigt Bruk. (Aasen 1926:II, 147)

Og det gjeld ikkje berre lyd- og formverket, men også ordtarfansen. Normeringsgrunnlaget for ordtarfansen blir lagt med 1873-utgåva av Aasens ordbok, *Norsk Ordbog*, som skal presentere «det Ordforraad, som virkelig er nedarvet og etterhaanden udviklet iblandt selve Folket» (1873:XII). Aasen vil vise det «nationale Ordforraad» (s. VII), og han vil syne at det nye landsmålet er eit rikt språk som i orddanning og avleiring godt kan måle seg med dansk og andre språk.. Likevel ser han seg nøydd til å ta med nokre ord av framandt opphav «som ikke godt kunne udelades, da deres Brug i Landet er mere almindelig og tildeels ogsaa

noget gammel» (s. VII). Desse orda får så merknader som «nyere Ord» eller «senere tilkommel» eller eit klammemerke som gjer merksam på at dei ikkje står på line med dei norske orda.

Norsk Ordbog kan ikkje samanliknast med ei moderne normerande ordliste eller ordbok i den forstand at berre dei orda som står der var tillatne i Aasens landsmål. Han tok t.d. ikkje med nyare litterære ord og nylagingar og internasjonale framandord som han sjølv og andre i samtida brukte i skrift.

Det er ein del dansk-tyske lånord å finne i ordboka., t.d. 23 ord med forstavinga *be-*. På den andre sida har han redusert talet på ord med suffiksa *-heit* og *-else* samanlikna med 1850-utgåva. I 1850 var det 37 ord på *-else* (Nes 1984:21) og minst 38 på *-heit* (Nes 1984:26, 80f; Gerdener 1986:52), og i 1873 har berre *Værelse*, *Mannheit* og *Øverheit/Øvrigheit* overlevd som stikkord, noko som syner klart korleis Aasen prioriterte desse orda i normalmålet.

Med ved sida av vanlege tyske lånord av typen *treffa*, *snakka*, *Haap* eller *Krig* tek Aasen òg med nokre danske ord som *kun* og *Pika*, som i dag er blitt forviste til fornorskningsordlistene. Han hadde registrert dei i norsk talemål og tek dei med i ordboka som talemålsvariantar. Han aksepterer dei ikkje i skriftmålet, men han nektar heller ikkje for at dei finst i norsk talemål.

Prinsipielle utsegner om lånord er å finne i Aasens grammatikk. Utan restriksjonar aksepterer han ord som har eksistert i norsk så lenge at den fonetiske strukturen deira er tilpassa norske lydforhold. Han er realistisk nok til å sjå at ein ikkje kan byggje ut eit fullgodt skriftspråk heilt utan lånord:

At holde Sproget aldeles reent for alle fremmede Ord vil neppe nogensinde være muligt, og i Grunden kan dette heller ikke være saa ganske nødvendigt, naar kun de indførte Ord passer saavidt sammen med de hjemlige Former, at de ikke falde Folket besværlige eller forstyrre Begrebet om Sprogets Regler. (Aasen 1965:14)

Han tok altså omsyn til både «Folket» og «Sprogets Regler». Det nye målet skal vere eit mål som er forståeleg for folket, eit mål der folket, dvs. bygdefolk med dialektbakgrunn, skal kjenne seg heime. Ord som t.d.

Maskina, Poteta eller *Planeta* er tekne med i ordboka fordi han fann dei i ei folkeleg form, og fordi dei er nødvendige og utan alternativ i det nye skriftspråket. For å finne kriterium for slike ord går Aasen ikkje etter tydinga eller utbreiinga i talemålet, men etter språklege kriterium, framfor alt trykkmønsteret fororda. Han vil t.d. ikkje akseptere tostavingsord med trykk på siste stavinga, fleirstavingsord som endar på trykksterk vokal eller ord med fleire trykklette stavningar etter kvarandre, fordi alt dette «klinger underligt for nordiske Øren» (1965:114).

Utviklinga hos Aasen går frå eit meir liberalt syn i 1850-åra over til det strenge puristiske standpunktet i grammatikken frå 1864. Først krev han same retten for norsk som for dansk:

Ein skulde knapt kunna lasta oss, um me brukade lika so mange framande Ord som i Dansken, og naar me no freista aa setja norske Ord i Staden, so er dette meir, en som me eigenlega vaaro skyldige til aa gjera. (Aasen 1926: II, 111)

Og han forsvarar til og med den framande endinga *-heit*, fordi «det var inkje større Skam at bruka «heit» i Norsken en «het» i Svensken og «hed» i Dansken» (1926: II, 126).

Den endra holdninga syner seg i grammatikken, og der bruker han bl.a. følgjande grunngjevingar mot lånord:

- de fortrænge adskillige hjemlige Udtryk (Aasen 1965:115)
- de standse Vækten i den indenlandske Orddannelsel og [...] hindre Sprogets egne Kræfter fra at komme til sin rette Virksomhed (s. 115)
- de [tyske ord] indtrænge sig imellem hjemlige Ord [...] og forstyrre Begrebet om Orddannelsen, ligesom de ogsaa virke til at fortrænge adskillige gode Ord, som have tilhørt Sproget fra gamle tider (s. 346)
- de [...] medføre Dunkelhed og Misforståelse og komme i veien for adskillige hjemlige Udtryk (s. 351)

Hos Aasen finn ein både språklege, sosiale og nasjonale argument for å skape eit reint norsk språk. Dei språklege argumenta kan sjåast som sekundære uttrykk for både sosiale og nasjonale grunngjevingar. Når dei framande orda hindrar «Sprogets Udvikling», blir dei farlege for heile målreisingsprosjektet. For å tene det sosiale og det nasjonale formålet

med målreisinga må det nye språket bli akseptert både av dei sosiale laga det er skapt for og av borgarskapet som står avvisande overfor det. Derfor satsar Aasen mykje på å skape *vørdnad* for målet. Mykje av kritikken gikk jo ut på at berre dansk–norsk var eit kulturspråk og at bondemålet ikkje var eigna til «høgare» emne eller stilnivå. Like viktig er det for Aasen å skape vørdnad for målet hos dialektbrukarane som no skal bruke morsmålet sitt i skrift. Dei hadde jo sjølv sett ned på språket sitt og trong derfor no ei språkform som kunne vere likeverdig med det tradisjonelle dansk-norske skriftspråket (sml. Walton 1987:185f).

Det opphavlege ønsket om å halde språket reint for alt som var innkomme utanfrå har ikkje kunna slå igjennom. Purismen vart med tida uthola og fleire ordtypar vart tillatne etter kvart, t.d. framande ord med annan bakgrunn enn dansk–tysk og dansk–tyske ord som ikkje var «påfallande» pga. den ytre forma.

Dermed vender purismen seg no først og fremst mot «typiske» dansk–tyske lånord, i første rekke dei såkalla «anbeheitelse–orda». I denne ordgruppa kan ein gå etter ytre kjennemerke, og dette er ei ordgruppe som står for den dansk–tyske kansellistilen, som nynorsk alltid har motarbeidd. Problematisk er det berre at ein med dette forbodet råkar folkelege lånord på *-heit* saman med stive byråkratord. Og det er òg merkeleg at det i nynorsk ikkje er lov å bruke desse talemålsorda fordi dei er «tyske», medan tyske ord som *liebhaber* eller *gefundenes fressen* er godkjende i *Nynorskordboka*.

Slik purismen vart grunnlagd av Ivar Aasen, er han i stor grad retta mot éi ordgruppe og har lagt stor vekt på formelle kriterium. Men det viktigaste Aasen skapte, var ei viss semje om den puristiske grunnholdninga til nynorsken. Ei slik grunnholdning og ei meir fleksibel handsaming som er open for utvikling motseier eigenleg ikkje einannan. Purismen i dag fungerer ikkje lenger slik at «anbeheitelse»–gruppa er stengd ute, men ein har heller ikkje komme så langt at alle ord som finst i norsk talemål kan brukast på nynorsk. Grunnen er vel den at alle nynorskord skal vere «like gode», at ein ikkje vil ha skilnad mellom kvardagsord og skriftmålsord, og at ein ikkje vil innføre markering av ulike stilnivå i ordlistene. Når *fridom* og *freiheit* står i ordlista som jamgode, er det fare for at det tradisjonelle skriftmålsordet blir fortrent av kvardagsordet som også får støtte frå det tilsvarande bokmålsordet. Likevel kan ein tenkje seg situasjonar der kvardagsordet høver betre i

skrift enn skriftmålsordet, og derfor er det ueitlig at det skal vere «feil» å bruke visse ord i nynorsk.

Ein kunne satse meir på å gjere språkbrukarane, først og fremst elevane i skolen, merksame på stilnivå og dei ulike formelle og uformelle uttrykksvariantane som finst i språket. Det er viktigare å skape holdningar hos språkbrukarane enn å gripe inn i språket med offentlege reguleringar. Døme frå norsk språkhistorie viser at slike inngrep er moglege i større grad enn språkfolk i andre land ville tru, men resultatet var ikkje alltid slik det var planlagt. Da ein innførte den nye teljemåten med *tjueein* var han nok tenkt slik at han skulle avløyse den gamle med *einogtjue*, men talemålet har utvikla seg annleis, og no har ein ein meir formell variant *tjueein* ved sida av det meir uformelle *einogtjue*.

Nynorsk ordtilfang og purisme har endra seg i stor mon sidan Ivar Aasens dagar, og ordtilfanget kan sikkert tolke fleire endringar i språkbruken dersom det lykkast å halde ved like grunnholdninga om eit folkeleg og talemålsnært skriftspråk.

Litteratur

- Aasen, I. 1926: *Skrifter*. Oslo
- Aasen, I. 1965. *Norsk Grammatik*. (Opptrykt etter 1. utg., 1864.) Oslo
- Gerdener, W. 1986: *Der Purismus im Nynorsk. Historische Entwicklung und heutiger Sprachgebrauch*. Münster
- Hanto, K.I. 1986: *Ideologiar i norsk målreising*. Oslo
- Poulsen, J.H.W. 1986: Færøske sprogpørsmål. I *Språk i Norden* 1986, s. 60–64. Oslo osv.
- Sandøy, Helge 1977: Island: Historia ligg gjømt i språket. I L.S. Vikør (red.): *Språkpolitikk på fem kontinent*, s. 74–98. Oslo
- Walton, S.J. 1987: *Farewell the Spirit Craven. Ivar Aasen and National Romanticism*. Oslo